

Ei borg er den eldgamle Gud!

Tone: Et liv jeg nu eier.

Ei borg for sitt folk er den eldgamle Gud.
Hit ned når hans evige arm!
Han alt hev dei kåra til Frelsarens brud
— i farskjærleik, trufast og varm.
Han kjenner dei alle, og ser deira tarv.
Veit om deira fiende-hørg —.
Dei er då hans odell, hans eiga og arv,
— med all-deira gleda og sorg. —

Og borgi sin bom er av kopar og jarn.
Der innanfor hev dei sin heim.
Der er dei so trygge, kvart einaste barn.
For borgi ho vernar om deim.
Der får dei sitt våpen og herklede-skrud
til livsstriden, — fårleg og kald —.
Og til deira hjelp finst der ingen som Gud
mot dødens og djevelens vald.

Han gjev dei si kraft etter dagen sitt krav.
Og held dei so vart i si hand.
Han fyl' deira båt over livet sitt hav,
på veg mot eit fagrare land.
Han kjenner nok leidi og hamni han finn.
Der ventar dei kruna og krans.
Med Frelsaren dreg dei no jublande inn
til brudlaup i festsalen hans.

Kor sælt å få tru på Guds einborne son,
— mi tilflukt i gleda og sorg. —
Kor sælt vera fødd til ei livande von,
og bu i Guds bergande borg!
Og sistpå få skoda hans åsyn eingong
i Himmelens festlege skrud —
og blanda mi røyst i den brusande song
med dei som eig heime hjå Gud.

Johs. M. L. Rydland.